

Medlemene vert med dette kalla inn til møte.

Varamedlemer får innkallinga, møter berre etter særskild innkalling.

Vert du av lovlege grunnar hindra i å møte, må du melde frå til Anne Liv Lidtveit på tlf. 99 38 66 30 eller e-post post@konsesjonskraft.no

Valle, 23.09.2016

Innkalling til møte i KIKS - Styret
30.09.2016 kl. 10:00 i Fylkeshuset Arendal

Til handsaming:

Saksnr	Innhold
PS 42/16	Referatsaker
PS 43/16	Drøftingssaker
PS 44/16	Orienteringar
PS 45/16	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 46/16	Risikostrategi
PS 47/16	Status strategiplan
PS 48/16	Revidering av styreinstruks 2016
PS 49/16	Instruks for dagleg leiar
PS 50/16	Delegasjonsreglement dagleg leiar
PS 51/16	Revidering beredskapsplan september 2016
PS 52/16	Revidering av risikostrategi
PS 53/16	Tertialrekneskap 2. tertial 2016

Terje Damman
styreleiar

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Saksnr	Innhold
PS 42/16	Referatsaker
RS 4/16	Rettssak Sira-Kvina
RS 5/16	Hydrologi
RS 6/16	Stillingsannonse
PS 43/16	Drøftingssaker
PS 44/16	Orienteringar
PS 45/16	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 46/16	Risikostrategi
PS 47/16	Status strategiplan
PS 48/16	Revidering av styreinstruks 2016
PS 49/16	Instruks for dagleg leiar
PS 50/16	Delegasjonsreglement dagleg leiar
PS 51/16	Revidering beredskapsplan september 2016
PS 52/16	Revidering av risikostrategi
PS 53/16	Tertialrekneskap 2. tertial 2016

PS 42/16 Referatsaker

RS 4/16 Rettssak Sira-Kvina

RS 5/16 Hydrologi



Konsesjonskraft IKS er eit interkommunalt selskap som forvaltar konsesjonskraftrettane og handlar med elektrisk kraft på vegne av 20 kommunar og begge fylkeskommunane på Agder. Konsesjonskraft IKS er tufta på kjerneverdiane truverde, kvalitet og tryggleik, har tre tilsette og omset årleg for meir enn 200 millionar kroner. KIKS skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane. KIKS tek ut konsesjonskraft frå 48 kraftverk i 11 vassdrag i Rogaland, Vest-Agder, Aust-Agder og Telemark. Konsesjonskraft IKS har kontor på kommunehuset i Valle.

RÅDGJEVAR

KONSESJONSKRAFT IKS SKAL VERE EIN LEIANDE NASJONAL FORVALTAR AV KONSESJONSKRAFTRETTANE, OG SOM VÅR NYE RÅDGJEVAR BLI DU EIN VIKTIG DEL AV ADMINISTRASJONEN SOM ARBEIDAR TETT SAMAN FOR Å LØYSE VÅRE SPANANDE ARBEIDSOPPGÅVER.

ARBEIDSOPPGÅVER

- Utvikle og følgje opp risikostrategi for finansiell handel med elektrisk kraft
- Utvikle og følgje opp forvaltning av kapital, dagleg økonomiforvaltning, likviditetsstyring og valutahandel
- Arbeide med informasjonstiltak
- Systematisering, berekning og presentasjon av data.

KOMPETANSE/YNSKJER

- Høgskule/universitetsutdanning, fyrst og fremst innan ingeniør/teknisk/realfag/økonomi
- Interesse for norsk vasskraft og kraftsystemet
- God IKT kompetanse
- Faglege ambisjonar
- God skriftleg og munnleg framstillingsevne

VI KAN TILBY Spanande arbeidsoppgåver som gjer deg kjent med den nordiske og europeiske kraftmarknaden. Løn etter avtale. Medlemskap i KLP. KIKS er eit lite selskap der du vil få mangearta oppgåver og tilgang til intern og ekstern kompetanse som vil bidra til eiga fagleg og personleg utvikling. KIKS legg til grunn at du skal gjennomgå eit tilpassa kompetansehevingsprogram.

Søknadsregistrering via: www.ravnaas.no - innen 30. oktober 2016.

For spørsmål, kontakt gjerne dagleg leiar Glenn Qvam Håkonsen, tlf. 990 32 244 eller vår eksterne rådgjevar Torbjørn Ravnaas, tlf. 906 88 997.





Konsesjonskraft IKS er eit interkommunalt selskap som forvaltar konsesjonskraftrettane og handlar med elektrisk kraft på vegne av 20 kommunar og begge fylkeskommunane på Agder. Konsesjonskraft IKS er tufta på kjerneverdiane truverde, kvalitet og tryggleik, har tre tilsette og omset årleg for meir enn 200 millionar kroner. KIKS skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane. KIKS tek ut konsesjonskraft frå 48 kraftverk i 11 vassdrag i Rogaland, Vest-Agder, Aust-Agder og Telemark. Konsesjonskraft IKS har kontor på kommunehuset i Valle.

RÅDGJEVAR

KONSESJONSKRAFT IKS SKAL VERE EIN LEIANDE NASJONAL FORVALTAR AV KONSESJONSKRAFTRETTANE, OG SOM VÅR NYE RÅDGJEVAR BLI DU EIN VIKTIG DEL AV ADMINISTRASJONEN SOM ARBEIDAR TETT SAMAN FOR Å LØYSE VÅRE SPANANDE ARBEIDSOPPGÅVER.

ARBEIDSOPPGÅVER

- Utvikle og følgje opp risikostrategi for finansiell handel med elektrisk kraft
- Utvikle og følgje opp forvaltning av kapital, dagleg økonomiforvaltning, likviditetsstyring og valutahandel
- Arbeide med informasjonstiltak
- Systematisering, berekning og presentasjon av data.

KOMPETANSE/YNSKJER

- Høgskule/universitetsutdanning, fyrst og fremst innan ingeniør/teknisk/realfag/økonomi
- Interesse for norsk vasskraft og kraftsystemet
- God IKT kompetanse
- Faglege ambisjonar
- God skriftleg og munnleg framstillingsevne

VI KAN TILBY Spanande arbeidsoppgåver som gjer deg kjent med den nordiske og europeiske kraftmarknaden. Løn etter avtale. Medlemskap i KLP. KIKS er eit lite selskap der du vil få mangearta oppgåver og tilgang til intern og ekstern kompetanse som vil bidra til eiga fagleg og personleg utvikling. KIKS legg til grunn at du skal gjennomgå eit tilpassa kompetansehevingsprogram.

Søknadsregistrering via: www.ravnaas.no - innen 30. oktober 2016.

For spørsmål, kontakt gjerne dagleg leiar Glenn Qvam Håkonsen, tlf. 990 32 244 eller vår eksterne rådgjevar Torbjørn Ravnaas, tlf. 906 88 997.



PS 43/16 Drøftingsaker

PS 44/16 Orienteringar

PS 45/16 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning

PS 46/16 Risikostrategi

PS 47/16 Status strategiplan

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
48/16	KIKS - Styret	30.09.2016
	KIKS - Representantskapet	09.12.2016

Revidering av styreinstruks 2016

Dagleg leiar tilrår:

Revidert styreinstruks blir vedtatt.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Det fylgjer av gjeldande instruks at denne skal evaluerast og eventuelt reviderast ein gong i kvar valperiode.

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

3. Saksopplysningar

Gjeldande instruks, i redigert utgåve, fylgjer vedlagt.

Ein har endra ordlyden i punkt 6, slik at det ikkje lenger står «vedtekter», men «interne regelverk». Dette fordi KIKS ikkje har vedtekter.

I punkt 9 er det lagt til eit punkt om at styret skal vedta og forvalte risikostrategien.

4. Vurdering

Nåverande styreinstruks er vedtatt januar 2015 (styret) og juni 2015 (representantskapet). Ein har ved framlegging for styret i denne omgong ikkje gjort andre endringar enn redaksjonelle, innhaldet er det same.

Valle, den 22.09.2016

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

1 Styreinstruks



Instruks for styret

1. Innleiing

Styrearbeidet i Konesjonskraft IKS skal følgje denne styreinstruksen. Styret kan i einskildsaker vedtake å sjå vekk frå denne instruksen, men skal i så tilfelle rapportere til representantskapet ved fyrste høve.

Styreinstruksen og styrearbeidet skal evaluerast ein gong i løpet av kvar valperiode.

2. Møteplan, innkalling med meir.

Styreleiar skal saman med dagleg leiar ein gong i året sette opp framlegg til møteplan og hovudagenda for komande styremøte. Møteplanen vert vedteken av styret i samsvar med gjeldande årshjul.

Styret skal innkallast skriftleg og med tilfredsstillande varsel (normalt 5 verkedagar), avhengig av kva for styresaker som skal handsamast. Innkallinga skal innehalde dagsorden som syner kva for saker som skal handsamast.

Styremedlem som ikkje kan delta på styremøte, skal så snart som råd varsle dagleg leiar som er ansvarleg for å kalle inn vararepresentantar. Saksdokumenta skal og sendast til vararepresentantane.

3. Saksførebuing og dokumentasjon

Styreleiar er ansvarleg for å sette dagsorden og syte for at dagleg leiar førebur og dokumenterer styresakene på ein forsvarleg måte. Saksdokumenta skal innehalde eit tilfredsstillande avgjerdsgrunnlag og framlegg til vedtak frå dagleg leiar.

4. Handsaming i møte

Styret kan gjere vedtak når meir enn halvdel av medlemmene er til stades i møtet. Vedtak krev fleirtal av dei som deltek i handsaminga; dersom det er like røystetal har leiar eller fungerande styreleiar dobbeltrøyst.

5. Styrehandsaming utan møte

Når det er naudsynt og forsvarleg, kan saker handsamast utan møte; gjennom telefonkonferanse

eller slik styreleiar avgjer.

Viktige saker kan ikkje handsamast utan møte dersom det ikkje ligg føre sakleg grunn, sjå vedteken risikostrategi.

6. Styresaker og styrets avgjerdsrett

Styret gjer vedtak i saker som er av vesentleg eller stor avgjerd. Styret fører tilsyn med at selskapet vert drive i samsvar med vedtak gjort av representantskap og/eller styre, gjeldande interne regelverk, selskapsavtale og lovverk.

7. Styreleiar skal:

- Saman med nestleiar gjennomføre årleg lønssamtale med dagleg leiar
- Gjennomføre årleg utviklingssamtale med dagleg leiar
- Ha den løpande oppfølginga og kontakt med dagleg leiar
- Førre tilsyn med dagleg leiar
- Sette dagsorden for styremøte og følgje opp dagleg leiar i saksførebuingane
- Ha møteplikt i representantskapsmøte

8. Styret skal:

- Vedtake delegasjonsreglement for dagleg leiar
- Halde seg orientert om selskapets økonomiske status og sjå til at rekneskapen og forvaltninga av eignelutane er under god kontroll
- Syte for forsvarleg organisering av selskapet når det gjeld rekneskapsfunksjon, internkontroll, varslingsrutiner og budsjettering
- Fastsetje mål og rammer for selskapet og syte for at desse vert handsama i representantskapet
- Gje fullmakt til gjennom signatur å binde selskapet
- Følgje opp budsjettet og likviditeten
- Følgje opp selskapets risikostrategi og å halde denne levande gjennom drøftingar i styre og representantskap og gjere naudsynte/tenlege endringar
- Syte for at selskapet si samla verksemd er i samsvar med gode etiske retningslinjer

9. Desse sakene skal handsamast i styret:

- Tilsetjing/oppseiing av dagleg leiar
- Framlegg til strategiplanar
- Framlegg til årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding
- Saker av uvanleg karakter eller storleik
- Vedtake og underteikne årsrekneskapen
- Vedtake og forvalte risikostrategien

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
49/16	KIKS - Styret	30.09.2016
	KIKS - Representantskapet	09.12.2016

Instruks for dagleg leiar

Dagleg leiar tilrår:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Det er ikkje lagt opp til ei fast rutine når det gjeld evaluering og eventuelle endringar i instruksen. Det synest naturleg å take instruksen opp til handsaming i same møtet som styret vurderer eigen instruks.

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

3. Saksopplysningar

Dagleg leiar kan ikkje tilrå eigen instruks ovanfor styret, og saka blir derfor sendt ut utan tilråding.

Gjeldande instruks for dagleg leiar er vedlagt saka. Ein har gjort redaksjonelle endringar, men innhaldet er det same som før.

4. Vurdering

Valle, den 22.09.2016

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Vedlegg

- 1 Instruks for dagleg leiar



Instruks for dagleg leiar

1. Innleiing

Instruksen regulerer dagleg leiar sine oppgåver, ansvar og fullmakter når det gjeld den dagleg drifta av selskapet. I tillegg gjeld også arbeidsavtalen og andre instruksar og retningsliner i selskapet som til dømes gjeldande risikostrategi med definerte fullmakter. Instruksen gjeld også for eventuell fungerande dagleg leiar.

2. Ansvar

Dagleg leiar har ansvar for den daglege drifta av selskapet og har mynde til å avgjere saker som kjem inn under den daglege drifta. Dagleg leiar har likevel ikkje mynde til å avgjere saker som er uvanlege eller har stor verknad; til dømes strategiske saker, kontroversielle saker eller saker som bind selskapet framover eller har stor økonomisk verknad.

Etter særskilt fullmakt frå styret i einskildhøve kan likevel dagleg leiar avgjere slike saker som nemnt over. Dagleg leiar kan også avgjere slike saker når tidsaspektet gjer det påkravt. Styret skal då snarast gjerast kjent med avgjerda.

Dagleg leiar kan delegere naudsynt mynde til sine medarbeidarar.

Dagleg leiar representerer selskapet utetter.

Dagleg leiar skal sjå til at rekneskapet samsvarar med lov og føresegner.

3. Mynde

Dagleg leiar skal arbeide i samsvar med selskapsavtalen, vedtekne strategiar og vedteke budsjett. Dagleg leiar skal arbeide aktivt for å nå dei måla selskapet har vedteke.

Dagleg leiar skal bruke sin kunnskap om selskapet og om selskapet sitt ressurstilfang til å

kome med framlegg til styret om strategiske val og tiltak.

Dagleg leiar skal følgje etiske og sunne forvaltningsmessige prinsipp og skal arbeide til beste for selskapets omdømme.

Dagleg leiar skal kvalitetssikre alle avgjerder og prosessar som har juridiske konsekvensar for selskapet.

4. Deltaking i styret

Dagleg leiar har rett og plikt til å deltake i styremøte og til å uttale seg dersom ikkje styret har avgjort anna.

Dagleg leiar skal utarbeide møteplan for styret, sjå styreinstruksen, og skal førebu saker som skal handsamast av styret. Dagleg leiar er ansvarleg for å sende ut innkallingar med tilråding til kvart styremøte.

Dagleg leiar skal i samsvar med årshjulet gje styret rapport om status, likviditet og resultat for siste periode og prognose for resten av året.

Dagleg leiar skal kvart år legge fram ein plan for verksemda med budsjett for handsaming i styret. Styret kan vedtake nærare retningsliner for innhaldet.

Dagleg leiar skal halde styret orientert om alle vesentlege saker som gjeld den samla verksemda i selskapet. Dette gjeld også resultatutviklinga. Årshjulet gjev nærare føringar for dette.

Styret kan hele tida krevje at dagleg leiar orienterer om bestemte saker.

5. Representantskapet

Dagleg leiar skal vere til stades i representantskapet

6. Organisering av selskapet

Dagleg leiar har ansvaret for at organiseringa, oppgåvefordelinga og ansvarsfordelinga i selskapet er god. Dagleg leiar skal sikre informasjonsflyt og utveksling av meiningar i vesentlege saker før endeleg administrativt vedtak vert gjort.

Dagleg leiar har det overordna ansvaret for arbeidsmiljøet og skal sjå til at drifta er i samsvar

med krav i lov og føresegner. Dagleg leiar har ansvaret for ein god personalpolitikk.

Dagleg leiar skal ha gjennomført opplæring i helse, miljø og tryggleik jf. arbeidsmiljølova § 3-5.

Dagleg leiar har mynde til å tilsetje, fastsetje arbeidsavtale og løn til nytilsette.

Dagleg leiar gjennomfører lokale lønsforhandlingar; styret kan fastsetje rammer for desse.

7. Habilitet

Dagleg leiar skal ikkje ha anna løna eller uløna arbeid, oppdrag, ombod eller eigarinteresser i andre verksemdar utan godkjenning frå styret.

8. Informasjon og kommunikasjon

Dagleg leiar syter for oppfyljing av offentleglova og skal praktisere meiroffentlegheit.

Dagleg leiar og styreleiar skal minst ein gong i året evaluere samarbeidet mellom dagleg leiar og styret.

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
50/16	KIKS - Styret	30.09.2016

Delegasjonsreglement dagleg leiar

Dagleg leiar tilrår:

Saka blir sendt ut utan tilråding.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Ein ønskjer å revidere delegasjonsreglementet samtidig som ein reviderer instruks for dagleg leiar.

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

3. Saksopplysningar

Gjeldande delegasjonsreglement er vedlagt saka. Det er ikkje gjort andre endringar enn redigering, innhaldet er det same som i gjeldande reglement.

4. Vurdering

Dagleg leiar kan ikkje tilrå i saker som omhandlar delegasjon til han sjølv. Saka blir derfor sendt ut utan tilråding.

Valle, den 22.09.2016

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Vedlegg

- 1 Delegasjonsreglement dagleg leiar



Delegasjonsreglement dagleg leiar

1. Generelt

I medhald av § 14 i lov om interkommunale selskap delegerer styret til dagleg leiar å gjere vedtak i einskildsaker eller i typar av saker som ikkje er av prinsipiell tyding, dersom ikkje anna er fastsett i lov eller gjennom vedtak i representantskapet.

2. Økonomi

Dagleg leiar disponerer budsjettet innanfor ei ramme representantskapet har fastsett.

Dagleg leiar inngår kontrakter om uttak av konsesjonskraft og gjennomfører sal og sikring av kraft innfor fastsett risikostrategi.

Dagleg leiar kan nytte midlar frå driftsfond når det er påkravd.

Dagleg leiar sender ut inntektsprognose til deltakarane primo oktober kvart år. Representantskapet får denne prognosen til endeleg handsaming i november/ desember kvart år.

3. Personalsaker

Dagleg leiar har instruksjonsmynde i høve alle tilsette.

Dagleg leiar kan opprette, gjere om og leggje ned stillingar innfor rammene av gjeldande budsjett og økonomiplan.

Dagleg leiar skal godkjenne instruksar og stillingsomtalar/instruksar, der tilsetjing skjer administrativt.

Dagleg leiar kan tilsetje i ledige stillingar innanfor vedtekne tariffavtaler. Fastsette løn.

Omplassere personale.

Avgjere søknader om permisjon i samsvar med permisjonsreglement.

Avgjere om det skal gjevast høve til å ta ekstraarbeid utanom hovudstilling i Konsesjonskraft IKS.

Avslutte eit tilsetjingstilhøve, i dette oppseiing dersom dette er naudsynt.

Ved delegasjon til dagleg leiar skal intensjonane i gjeldande tariffavtale om medavgjerdsrett ivaretakast.

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
51/16	KIKS - Styret	30.09.2016

Revidering beredskapsplan september 2016

Dagleg leiar tilrår:

Revidert beredskapsplan blir vedtatt

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Någjeldande beredskapsplan blei vedtatt i 2015, og det er seinare gjort endringar i administrasjonen som nå gjer ei revidering nødvendig.

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

Konsesjonskraft IKS skal ha den administrative og operative risikoen under kontroll til ei kvar tid, og ein oppdatert beredskapsplan er med på å oppfylle strategiplanen.

3. Saksopplysningar

Administrasjonen består av 3 personar; rådgjevar med ansvar for krafthandel Glenn Qvam Håkonsen vart pr. mars 2016 tilsett som dagleg leiar. Med verknad frå 1/10 2016 overtek rådgjevar Arne Tronsen ansvaret for den operative krafthandelen. Dagleg leiar har utpeika Anne Liv Lidtveit som stedfortreder for dagleg leiar.

4. Vurdering

KIKS driv ei verksemd som krev dagleg overvaking, kontroll og operativ handel med kraft og valutasikring, og vi treng derfor å førebu oss godt på akutte hendingar som reduserer kapasiteten.

Aktuelle framtidsbilete; både sannsynlege og mindre sannsynlege er omhandla i planen.

Planen inneheld operative tiltak som vert iverksett på kort varsel.

Ein meiner ein har sikra selskapet så godt som ein kan på nåverande tidspunkt og ved nåverande bemanning ved denne beredskapsplanen.

Valle, den 22.09.2016

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar



KONSESJONSKRAFT IKS

– vaktar rettane og tek vare på verdien

ADMINISTRATIV BEREDSKAPSPLAN



Styret på omvising på Brokke kraftstasjon, juni 2014

Revidert september 2016

Innleiing:

Beredskapsplanen er utarbeidd for at Konsesjonskraft IKS skal vere operativ til ei kvar tid. Konsesjonskraft IKS må kvar dag syte for at alle garantiar er i orden og at alle bankkonti har naudsynt dekning. Kvar dag må kraftmarknaden overvakast og krafthandelen følgjast opp. Denne planen skal trygge dette.

Planen skal og etterprøvast gjennom beredskapsøvingar. Det er dagleg leiar sitt ansvar å syte for at dette vert gjort.

Valle 10/9-2016

Glenn Qvam Håkonsen
Dagleg leiar

Vedlagt:

Framtidsbilete 1	Ansvarleg krafthandlar er ikkje i arbeid Ansvarleg for iverksetting: Dagleg leiar
Framtidsbilete 2	Dagleg leiar er ikkje i arbeid Ansvarleg for iverksetting: Rådgjevar Anne Liv Lidtveit
Framtidsbilete 3	Dagleg leiar og ansvarleg krafthandlar er ikkje i arbeid Ansvarleg for iverksetting: Rådgjevar Anne Liv Lidtveit
Framtidsbilete 4	Dagleg leiar og rådgjevar Anne Liv Lidtveit er ikkje i arbeid Ansvarleg for iverksetting: Ansvarleg krafthandlar
Framtidsbilete 5	Dagleg leiar, rådgjevar Anne Liv Lidtveit og ansvarleg krafthandlar er ikkje i arbeid Ansvarleg for iverksetting: Styreleiar
Risikostrategi	Vedtatt av styret XX.XX.XXXX
Kontaktinformasjon ressursliste	

Framtidsbilete 1: Ansvarleg krafthandlar er ikkje i arbeid

Ansvarleg for iverksetting: Dagleg leiar

Hendinga er vurdert som sannsynleg, men ikkje kritisk for verksemda vår.

Vedlegg 1.1.	Handlingsplan på kort og lengre sikt
Vedlegg 1.2.	Ansvarsending rådgjevar Anne Liv Lidtveit
Vedlegg 1.3.	Daglege faste gjeremål og ansvar for oppfølging av dei
Vedlegg 6	Risikostrategi
Vedlegg 7	Ressursliste – kontaktinformasjon

Ansvarleg krafthandlar er ikkje i arbeid

Ansvarleg for iverksetting: Dagleg leiar

Hendinga er vurdert som sannsynleg, men ikkje kritisk for verksemda vår.

Tiltak på kort sikt:

- Dagleg leiar orienterer styreleiar.
- Dagleg leiar orienterer aktuelle samarbeidspartar etter behov.
- Rådgjevar Anne Liv Lidtveit overtek som ansvarleg krafthandlar med dei fullmakter som følgjer av gjeldande risikostrategi, sjå vedlegg 6.
- Dagleg leiar orienterer økonomisjefen i Valle kommune om behovet for å stille med kapasitet og kompetanse inntil vidare.
- Dersom dette medfører behov for fullmakter og tilgong for tilsette i Valle kommune, skal ansvarleg krafthandlar syte for at dette vert ordna.
- Daglege faste gjeremål og ansvaret for oppfølging av dei går fram av vedlegg 1.3.

Tiltak på lengre sikt:

- Dersom stillinga som ansvarleg krafthandlar vert ledig permanent, skal dagleg leiar syte for å rekruttere ny medarbeidar.

Ressursar:

- Økonomisjef i Valle kommune har naudsynte fullmakter og tilgong til bank, forvaltar og Nasdaq OMX.
- Dersom økonomisjefen i Valle kommune finn å ville nytte andre tilsette til oppgåvene, skal KIKS varslast skriftleg og naudsynte fullmakter og tilgong vert ordna av rådgjevar.

Ansvarsending rådgjevar Anne Liv Lidtveit

Ansvarleg krafthandlar er ikkje i arbeid
Ansvarleg for iverksetting: Dagleg leiar

Iverksetjing av ansvarsending i medhald av risikostrategi for krafthandel dagsett _____

Avdi rådgjevar Anne Liv Lidtveit med verknad frå _____ overtek det operative ansvaret for all krafthandel, er ansvarsfordelinga som følgjer:

Rådgjevar har ansvaret for:

- at sikrings- og risikorammer alltid blir haldne
- den operative handelen på børser og eventuell bilateral handel
- å ta posisjonar innanfor styregodkjente rammer
- at involverte partar i praktiseringa av krafthandelsfunksjonen har naudsynte fullmakter
- all rapportering

Dagleg leiar har ansvaret for:

- at risikostrategien er godt kjent av alle rørde partar
- at selskapet følgjer strategien
- at det vert gjort tiltak dersom rammene ikkje vert haldne
- at kompetent personale løyser oppgåvene, og at kjernekompetanse – om mogeleg – er spreidde på fleire personar.

Valle, _____
(dato)

Dagleg leiar



Daglege gjeremål - finanstransaksjonar og valutahandel -

Handling: Daglege leiar skal nytte kolonne for x-ordinær ansvarsfordeling som eventuell bestilling av handlingar.

Dato	Ansvar x-ordinært definerast av dagleg leiar/kst. dagleg leiar		Handling frå ansvarleg i KIKS	Beløp/handling	Signatur
	ordinært	x-ordinært			
	R-Rådgjevar DB-Danske Bank VK-Valle kommune MK-Markedskraft KH-krafthandlar Der det er nemnt fleire namn, har den første primæransvaret				
1	KH		Kontroll av gjeremål		
2	KH		Kontroll av gjeremål		
3	KH		Kontroll av TS-lista og sjekk Nordspool Spot		
4	KH		KH gjev melding til DB klokka 1400 dag 0		
5	KH/VK		Kontroll av gjeremål		
6	KH		KH/VK må gje DL innspel når styringssystemet tilseier det		
7	KH		KH må gje DL innspel når styringssystemet tilseier det.		
8	KH		KH må følgje opp styringssystemet dagleg		
9	KH		KH gjev DL melding om endring sjå KIKS 13.13		
10	KH		Behov for auke fører til overføring av E til Nasdaq OMX		
11	KH		Daglege sjekk og vurdering av likviditetsbehov, sjå 1 og 3		
12	KH		Vurdere pengestraum i og behov for likviditet E konto 25362		
	KH		Likviditetskontroll og vurdering av cash flow analyse MK		
	KH		Kontroll DB		
	KH		Kontroll DB		
	KH		Kontroll DB		
	KH		Ajorurhaldast kvar mandag sjå kiks 13.14		

10/9 2016
Arne Tronsen

Framtidsbilete 2: Dagleg leiar er ikkje i arbeid

Ansvarleg for iverksetting: Rådgjevar Anne Liv Lidtveit

Hendinga er vurdert som sannsynleg og med betydelege verknader for verksemda vår, særleg på strategisk nivå.

Vedlegg 2.1.	Handlingsplan på kort og lengre sikt
Vedlegg 2.2.	Konstituering av rådgjevar Anne Liv Lidtveit
Vedlegg 6	Risikostrategi
Vedlegg 7	Ressursliste – kontaktinformasjon

Dagleg leiar er ikkje i arbeid

Ansvarleg for iverksetting: Rådgjevar Anne Liv Lidtveit – som og vert konstituert som dagleg leiar

Hendinga er vurdert som sannsynleg og med betydelege verknader for KIKS, særleg på strategisk nivå.

Tiltak på kort sikt:

- Rådgjevar varslar styreleiar per SMS, e-post og telefon. Styreleiar syter for konstituering av rådgjevar som dagleg leiar, sjå vedlegg 2.2.
- Konstituert dagleg leiar orienterer controller og økonomisjefen i Valle kommune.
- Konstituert dagleg leiar orienterer aktuelle samarbeidspartnarar etter behov.
- Konstituert dagleg leiar har alle fullmakter og oppgåver som ligg til dagleg leiar etter vedtekne reglement og instruksar.

Tiltak på lengre sikt:

- Styreleiar gjev prokura til konstituert dagleg leiar
- Dersom stillinga som dagleg leiar vert ledig permanent, er styreleiar ansvarleg for å sette i gong rekrutteringsprosessen.

Ressursar:

- Økonomisjef i Valle kommune har naudsynte fullmakter og tilgong til bank, forvaltar og Nasdaq OMX.



Konstituering av rådgjevar Anne Liv Lidtveit som dagleg leiar

Dagleg leiar er ikkje i arbeid

Ansvarleg for iverksetting: Rådgjevar Anne Liv Lidtveit – som og vert konstituert som dagleg leiar

Konstituering av rådgjevar Anne Liv Lidtveit som dagleg leiar.

Etter fullmakt frå styret dagsett _____ vert Anne Liv Lidtveit konstituert som dagleg leiar frå _____ og inntil vidare.

Valle, _____
(dato)

styreleiar

Framtidsbilete 3: Dagleg leiar og ansvarleg krafthandlar er ikkje i arbeid

Ansvarleg for iverksetting: Rådgjevar Anne Liv Lidtveit

Hendinga er mindre sannsynleg enn framtidsbileta 1 og 2, men konsekvensane av hendinga kan vere store.

Vedlegg 3.1.	Handlingsplan på kort og lengre sikt
Vedlegg 3.2.	Konstituering av rådgjevar Anne Liv Lidtveit
Vedlegg 3.3.	Daglege faste gjeremål og ansvar for oppfølging av dei
Vedlegg 3.4.	Ansvarsending styreleiar og rådgjevar Anne Liv Lidtveit
Vedlegg 6	Risikostrategi
Vedlegg 7	Ressursliste – kontaktinformasjon

Dagleg leiar og ansvarleg krafthandlar er ikkje i arbeid

Ansvarleg for iverksetting: Rådgjevar Anne Liv Lidtveit – som og vert konstituert som dagleg leiar

Hendinga er vurdert som mindre sannsynleg. Konsekvensane av denne hendinga verte store for KIKS.

Tiltak på kort sikt:

- Rådgjevar varslar styreleiar per SMS, e-post og telefon. Styreleiar syter for konstituering av rådgjevar Anne Liv Lidtveit, sjå vedlegg 3.2
- Konstituert dagleg leiar orienterer controller, som involverast i daglege gjeremål ved behov
- Konstituert dagleg leiar orienterer økonomisjefen i Valle kommune, og ber om å få utført daglege gjeremål etter behov, sjå vedlegg 3.3
- Konstituert dagleg leiar syter for at aktuelle samarbeidspartar får melding om mellombels leiarskifte og naudsynt ny kontaktinformasjon, sjå vedlegg 7
- Konstituert dagleg leiar får dei oppgåvene og fullmaktene som ansvarleg krafthandlar har i medhald av risikostrategien, sjå vedlegg 6
- Av di konstituert dagleg leiar har det operative ansvaret for all krafthandel, får styreleiar oppgåvene og fullmaktene som dagleg leiar har i medhald av risikostrategien, sjå vedlegg 3.4

Tiltak på lengre sikt:

- Styreleiar gjev prokura til konstituert dagleg leiar
- Dersom ein eller både stillingane vert ledige, er styreleiar ansvarleg for å sette i gong rekrutteringsprosessen.

Ressursar:

- Konstituert dagleg leiar involverere controller i arbeidet med daglege kontrolloppgåver og den aktive finansforvaltninga.
- Økonomisjef i Valle kommune har naudsynte fullmakter og tilgong til bank, forvaltar og Nasdaq OMX.
- Konstituert dagleg leiar skal før iverksetjing av tiltaka vere kjent med prosedyrar for tilgongsadministrasjon og ha lesetilgong til bank, kraftforvaltar, finansforvaltar, Nasdaq OMX og Montel. Dagleg leiar er ansvarleg for at denne opplæringa er gjennomført.



Konstituering av rådgjevar Anne Liv Lidtveit som dagleg leiar

Dagleg leiar er ikkje i arbeid

Ansvarleg for iverksetting: Rådgjevar Anne Liv Lidtveit – som og vert konstituert som dagleg leiar

Konstituering av rådgjevar Anne Liv Lidtveit som dagleg leiar.

Etter fullmakt frå styret dagsett _____ vert Anne Liv Lidtveit konstituert som dagleg leiar frå _____ og inntil vidare.

Valle, _____
(dato)

styreleiar



Daglege gjeremål - finanstransaksjonar og valutahandel -

Handling: Daglege leiar skal nytte kolonne for x-ordinær ansvarsfordeling som eventuell bestilling av handlingar.

Dato	Ansvar x-ordinært definerast av dagleg leiar/kst. dagleg leiar		Handling frå ansvarleg i KIKS	Beløp/handling	Signatur
	Ansvar	Ansvar			
	ordinært	x-ordinært			
1 DB -syter for saldo 40000 E kto 25281	KH		Kontroll av gjeremål		
2 DB -syter for saldo 40000 E kto 31141	KH		Kontroll av gjeremål		
3 Ved negativt settlement skal saldo 25281 dag 0 vere 40000E pluss neg sett.dag 1	KH		Kontroll av TS-lista og sjekk Nordspool Spot KH gjev melding til DB klokka 1400 dag 0		
4 DB syter for saldo 12 mill kr kvar onsdag foliokto 25273	KH/VK		Kontroll av gjeremål KH/VK må gje DL innspel når styringssystemet tilseier det		
5 Styringssystem garanti	KH		KH må gje DL innspel når styringssystemet tilseier det. KH må følgje opp styringssystemet dagleg		
6 Oppfølging default fund	KH		KH gjev DL melding om endring sjå KIKS 13.13 Behov for auke fører til overføring av E til Nasdaq OMX		
7 Transaction og settlement lista	KH		Daglege sjekk og vurdering av likviditetsbehov, sjå 1 og 3		
8 Cash-flow prognose	KH		Vurdere pengestraum i og behov for likviditet E konto 25362		
9 Sal av E spot kvar onsdag 1200 Kontroll av bankkonti:	KH		Likviditetskontroll og vurdering av cash flow analyse MK		
10 Finansiell konto E 25281	KH		Kontroll DB		
11 Fysisk handel-konto E 31141	KH		Kontroll DB		
Konto Termin E 25362	KH		Kontroll DB		
12 Statnett-balansweb-kvar veke	KH		Ajorurhaldast kvar mandag sjå kiks 13.14		

10/9 2016
Arne Tronsen

Framtidsbilete 4: Dagleg leiar og rådgjevar Anne Liv Lidtveit er ikkje i arbeid

Ansvarleg for iverksetting: Ansvarleg krafthandlar

Hendinga er mindre sannsynleg enn framtidsbileta 1 og 2, men konsekvensane av denne hendinga kan vere store.

Vedlegg 4.1.	Handlingsplan på kort og lengre sikt
Vedlegg 4.2.	Konstituering av ansvarleg krafthandlar Arne Tronsen
Vedlegg 4.3.	Daglege faste gjeremål og ansvar for oppfølging av dei
Vedlegg 4.4.	Ansvarsending styreleiar og rådgjevar Arne Tronsen
Vedlegg 6	Risikostrategi
Vedlegg 7	Ressursliste – kontaktinformasjon

Dagleg leiar og rådgjevar Anne Liv Lidtveit er ikkje i arbeid

Ansvarleg for iverksetting: Ansvarleg krafthandlar – som og vert konstituert som dagleg leiar

Hendinga er vurdert som mindre sannsynleg. Konsekvensane av denne hendinga kan verte store for KIKS.

Tiltak på kort sikt:

- Ansvarleg krafthandlar varslar styreleiar per SMS, e-post og telefon. Styreleiar syter for konstituering av ansvarleg krafthandlar som dagleg leiar, sjå vedlegg 4.2.
- Konstituert dagleg leiar orienterer controller, som involverast i daglege gjeremål ved behov.
- Konstituert dagleg leiar informerer økonomisjefen i Valle kommune og ber om å få utført daglege gjeremål definert i eksisterande rutineoversyn, sjå vedlegg 4.3.
- Konstituert dagleg leiar syter for at aktuelle samarbeidspartar får melding om mellombels leiarskifte og naudsynt ny kontaktinformasjon, sjå vedlegg 7.
- Konstituert dagleg leiar får dei oppgåvene og fullmaktene som dagleg leiar har i medhald av risikostrategien, sjå vedlegg 6.
- Av di konstituert dagleg leiar har det operative ansvaret for all krafthandel, får styreleiar oppgåvene og fullmaktene som dagleg leiar har i medhald av risikostrategien, sjå vedlegg 4.4.

Tiltak på lengre sikt:

- Styreleiar gjev prokura til konstituert dagleg leiar
- Dersom ein eller båe stillingane vert ledige, er styreleiar ansvarleg for å sette i gong rekrutteringsprosessen.

Ressursar:

- Konstituert dagleg leiar involverere controller i arbeidet med daglege kontrolloppgåver og den aktive finansforvaltninga.
- Økonomisjef i Valle kommune har naudsynte fullmakter og tilgong til bank, forvaltar og Nasdaq OMX.
- Konstituert dagleg leiar skal før iverksetjing av tiltaka vere kjent med prosedyrar for tilgongsadministrasjon og ha lesetilgong til bank, kraftforvaltar, finansforvaltar, Nasdaq OMX og Montel. Dagleg leiar er ansvarleg for at denne opplæringa er gjennomført.

Konstituering av ansvarleg krafthandlar

Arne Tronsen som dagleg leiar

Dagleg leiar og rådgjevar Anne Liv Lidtveit er ikkje i arbeid.

Ansvarleg for iverksetting: ansvarleg krafthandlar varslar styreleiar som signerer dette dokumentet.

Ansvarleg krafthandlar – som vert konstituert som dagleg leiar gjennomfører tiltak i samsvar med vedlegg 4.3, ressursliste, årshjul og logg gjeremål og rutiner.

Etter fullmakt frå styret dagsett _____ vert Arne Tronsen konstituert som dagleg leiar frå _____ og inntil vidare.

Valle, _____
(dato)

styreleiar



Daglege gjeremål - finanstransaksjonar og valutahandel -

Handling: Daglege leiar skal nytte kolonne for x-ordinær ansvarsfordeling som eventuell bestilling av handlingar.

Dato	Ansvar x-ordinært definerast av dagleg leiar/kst. dagleg leiar		Handling frå ansvarleg i KIKS	Beløp/handling	Signatur
	Ansvar	Ansvar			
	ordinært	x-ordinært			
1 DB -syter for saldo 40000 E kto 25281	KH		Kontroll av gjeremål		
2 DB -syter for saldo 40000 E kto 31141	KH		Kontroll av gjeremål		
3 Ved negativt settlement skal saldo 25281 dag 0 vere 40000E pluss neg sett.dag 1	KH		Kontroll av TS-lista og sjekk Nordspool Spot KH gjev melding til DB klokka 1400 dag 0		
4 DB syter for saldo 12 mill kr kvar onsdag foliokto 25273	KH/VK		Kontroll av gjeremål KH/VK må gje DL innspel når styringssystemet tilseier det		
5 Styringssystem garanti	KH		KH må gje DL innspel når styringssystemet tilseier det. KH må følgje opp styringssystemet dagleg		
6 Oppfølging default fund	KH		KH gjev DL melding om endring sjå KIKS 13.13 Behov for auke fører til overføring av E til Nasdaq OMX		
7 Transaction og settlement lista	KH		Daglege sjekk og vurdering av likviditetsbehov, sjå 1 og 3		
8 Cash-flow prognose	KH		Vurdere pengestraum i og behov for likviditet E konto 25362		
9 Sal av E spot kvar onsdag 1200 Kontroll av bankkonti:	KH		Likviditetskontroll og vurdering av cash flow analyse MK		
10 Finansiell konto E 25281	KH		Kontroll DB		
11 Fysisk handel-konto E 31141	KH		Kontroll DB		
Konto Termin E 25362	KH		Kontroll DB		
12 Statnett-balansweb-kvar veke	KH		Ajorurhaldast kvar mandag sjå kiks 13.14		

10/9 2016
Arne Tronsen

Ansvarsendring styreleiar og rådgjevar

Arne Tronsen

Dagleg leiar og rådgjevar Anne Liv Lidtveit er ikkje i arbeid

Ansvarleg for iverksetting: Rådgjevar Arne Tronsen – som og vert konstituert som dagleg leiar.

Iverksetjing av ansvarsendring i medhald av gjeldande risikostrategi for krafthandel.

Avdi rådgjevar Arne Tronsen med verknad frå _____ overtek som dagleg leiar og ansvarleg krafthandlar, er ansvarsfordelinga som følgjer:

Konstituert dagleg leiar har ansvaret for:

- at sikrings- og risikorammer alltid blir haldne
- den operative handelen på børs og eventuell bilateral handel
- å ta posisjonar innanfor styregodkjente rammer
- at involverte partar i praktiseringa av krafthandelsfunksjonen har naudsynte fullmakter og tilgongar
- all rapportering

Styreleiar har ansvaret for:

- at risikostrategien er godt kjent av alle rørte partar
- at selskapet følgjer strategien
- at det vert gjort tiltak dersom rammene ikkje vert haldne
- at kompetent personale løyser oppgåvene, og at kjernekompetanse – om mogeleg – er spreidde på fleire personar.

Valle, _____
(dato)

Kst. dagleg leiar

Styreleiar

Framtidsbilete 5: Dagleg leiar, rådgjevar Anne Liv Lidtveit og ansvarleg krafthandlar er ikkje i arbeid

Ansvarleg for iverksetting: Styreleiar

Hendinga er mindre sannsynleg enn framtidsbileta 1-4, men konsekvensane for verksemda kan vere store.

Vedlegg 5.1.	Handlingsplan på kort og lengre sikt
Vedlegg 5.2.	Konstituering av controller Bent Sørensen
Vedlegg 5.3.	Daglege faste gjeremål og ansvar for oppfølging av dei
Vedlegg 5.4.	Ansvarsending styreleiar
Vedlegg 6	Risikostrategi
Vedlegg 7	Ressursliste – kontaktinformasjon

Dagleg leiar, rådgjevar Anne Liv Lidtveit og ansvarleg krafthandlar er ikkje i arbeid

Ansvarleg for iverksetting: Styreleiar – som konstituerer Bent Sørensen som dagleg leiar

Hendinga er vurdert som mindre sannsynleg. Det kan likevel ikkje seiast å vere usannsynleg. Utan gode førebuingar, kan konsekvensane av denne hendinga verte store for KIKS.

Tiltak på kort sikt:

- Leiar velkomstsenteret/økonomisjef varslar styreleiar per SMS, e-post og telefon.
- Styreleiar konstituerer Bent Sørensen som dagleg leiar, sjå vedlegg 5.2.
- Konstituert dagleg leiar informerer økonomisjefen i Valle kommune og ber om å få utført daglege gjeremål definert i eksisterande rutineoversyn, sjå vedlegg 5.3.
- Konstituert dagleg leiar syter for at aktuelle samarbeidspartar får melding om mellombels leiarskifte og naudsynt ny kontaktinformasjon, sjå vedlegg 7.
- Konstituert dagleg leiar får dei oppgåvene og fullmaktene som dagleg leiar har i medhald av risikostrategien, sjå vedlegg 6.
- Av di konstituert dagleg leiar har det operative ansvaret for all krafthandel, får styreleiar oppgåvene og fullmaktene som dagleg leiar har i medhald av risikostrategien, sjå vedlegg 5.4.
- Konstituert dagleg leiar syter for ekstern controllerfunksjon

Tiltak på lengre sikt:

- Styreleiar gjev prokura til konstituert dagleg leiar
- Styreleiar er ansvarleg for å sette i gong nødvendig rekrutteringsprosess

Ressursar:

- Økonomisjef i Valle kommune har naudsynte fullmakter og tilgong til bank, forvaltar og Nasdaq OMX.
- Konstituert dagleg leiar skal før iverksetjing av tiltaka vere kjent med prosedyrar for tilgongsadministrasjon og ha lesetilgong til bank, kraftforvaltar, finansforvaltar, Nasdaq OMX og Montel. Dagleg leiar er ansvarleg for at denne opplæringa er gjennomført.
- Assisterande fylkesrådmann i Aust-Agder John G. Bergh og rådmann Tallak Hoslemo i Bykle kommune er kontaktpersonar.



Konstituering av rådgjevar Bent Sørensen som dagleg leiar

Dagleg leiar, rådgjevar Anne Liv Lidtveit og ansvarleg krafthandlar er ikkje i arbeid
Ansvarleg for iverksetting: Styreleiar som signerer dette dokumentet.

Bent Sørensen – som vert konstituert som dagleg leiar gjennomfører tiltak i samsvar med vedlegg
5.3, ressursliste, årshjul og logg gjeremål og rutiner.

Konstituert dagleg leiar får i oppgåve å syte for ekstern controllerfunksjon frå konstitueringsdato.

Etter fullmakt frå styret dagsett _____ vert Bent Sørensen konstituert som dagleg
leiar frå _____ og inntil vidare.

Valle, _____
(dato)

styreleiar



Daglege gjeremål - finanstransaksjonar og valutahandel -

Handling: Daglege leiar skal nytte kolonne for x-ordinær ansvarsfordeling som eventuell bestilling av handlingar.

Dato	Ansvar x-ordinært definerast av dagleg leiar/kst. dagleg leiar		Handling frå ansvarleg i KIKS	Beløp/handling	Signatur
	Ansvar	Ansvar			
	ordinært	x-ordinært			
1 DB -syter for saldo 40000 E kto 25281	KH		Kontroll av gjeremål		
2 DB -syter for saldo 40000 E kto 31141	KH		Kontroll av gjeremål		
3 Ved negativt settlement skal saldo 25281 dag 0 vere 40000E pluss neg sett.dag 1	KH		Kontroll av TS-lista og sjekk Nordspool Spot KH gjev melding til DB klokka 1400 dag 0		
4 DB syter for saldo 12 mill kr kvar onsdag foliokto 25273	KH/VK		Kontroll av gjeremål KH/VK må gje DL innspel når styringssystemet tilseier det		
5 Styringssystem garanti	KH		KH må gje DL innspel når styringssystemet tilseier det. KH må følgje opp styringssystemet dagleg		
6 Oppfølging default fund	KH		KH gjev DL melding om endring sjå KIKS 13.13 Behov for auke fører til overføring av E til Nasdaq OMX		
7 Transaction og settlement lista	KH		Daglege sjekk og vurdering av likviditetsbehov, sjå 1 og 3		
8 Cash-flow prognose	KH		Vurdere pengestraum i og behov for likviditet E konto 25362		
9 Sal av E spot kvar onsdag 1200 Kontroll av bankkonti:	KH		Likviditetskontroll og vurdering av cash flow analyse MK		
10 Finansiell konto E 25281	KH		Kontroll DB		
11 Fysisk handel-konto E 31141	KH		Kontroll DB		
Konto Termin E 25362	KH		Kontroll DB		
12 Statnett-balansweb-kvar veke	KH		Ajorurholdast kvar mandag sjå kiks 13.14		

10/9 2016
Arne Tronsen

Ansvarsendring styreleiar

Dagleg leiar, rådgjevar Anne Liv Lidtveit og ansvarleg krafthandlar er ikkje i arbeid.

Ansvarleg for iverksetting: Bent Sørensen – som og vert konstituert som dagleg leiar.

Iverksetjing av ansvarsendring i medhald av gjeldande risikostrategi for krafthandel.

Avdi Bent Sørensen med verknad frå _____ overtek som dagleg leiar og ansvarleg krafthandlar, er ansvarsfordelinga som følgjer:

Konstituert dagleg leiar har ansvaret for:

- at sikrings- og risikorammer alltid blir haldne
- den operative handelen på børser og eventuell bilateral handel
- å ta posisjonar innanfor styregodkjente rammer
- at involverte partar i praktiseringa av krafthandelsfunksjonen har naudsynte fullmakter og tilgongar
- all rapportering

Styreleiar har ansvaret for:

- at risikostrategien er godt kjent av alle rørte partar
- at selskapet følgjer strategien
- at det vert gjort tiltak dersom rammene ikkje vert haldne
- at kompetent personale løyser oppgåvene, og at kjernekompetanse – om mogeleg – er spreidde på fleire personar.

Valle, _____
(dato)

Kst. dagleg leiar

Styreleiar

Risikostrategi blir lagt inn her etter behandling i styremøte 30. september 2016



Ressursliste-kontaktinformasjon

Administrative ressursar:

Arne Tronsen, rådgjevar og ansvarleg krafthandlar
Mobil 916 62 401, e-post: atr@konesjionskraft.no

Anne Liv Lidtveit, juridisk rådgjevar
Mobil 993 86 630, e-post: all@konesjionskraft.no

Glenn Qvam Håkonsen, dagleg leiar
Mobil 990 32 244, e-post: gqh@konesjionskraft.no

Terje Damman, styreleiar
mobil 905 19 670, e-post: terje.damman@vaf.no

Mari Mykland, nestleiar
Mobil 916 81 061, e-post mari.mykland@gmail.com

Bent Sørensen, controller
Mobil 411 21 960, e-post bent.sorensen@kaaiks.no og Bent.Sorensen@austagderfk.no.

Wenche E. Gundersen, økonomisjef Valle kommune
Mobil 975 92 391, e-post Wenche.Gundersen@valle.kommune.no.

Eksterne merkantile ressursar:

Kirsten Margrete Spaun, revisor
98207170, e-post: kirsten.spaun@bdo.no

Helle Grytvik, rekneskapsfører
Mobil 992 28 113, e-post: helle.grytvik@visma.com

Andre samarbeidspartnarar:

Markedskraft:

Arild Johansen, ansvarleg for fysisk kraft
Mobil 915 37 751, e-post: arild.johansen@markedskraft.com

Eva Dahl Grude, backoffice
Mobil 992 32 727, e-post: Eva.Dahl.Grude@markedskraft.com

Hermund Ulstein, porteføljeforvaltar
Mobil: 908 61 074, e-post: hermund.ulstein@markedskraft.com



KONSESJONSKRAFT IKS

– vaktar rettane og tek vare på verdien

Danske Bank:

Frode Øverøyen Balchen, banksjef og kundekontakt

Mobil: 918 79 680, e-post: fba@danskebank.no

Steinar Holtskog, alternativ kundekontakt

Mobil 913 82 900, e-post: sholt@danskebank.no

Trond Wahlseng, valuta

Telefon 905 14 807, e-post: trw@danskebank.com

Kent Rune Rennan, garantiendring

Telefon 85 40 63 41, e-post: kren@danskebank.no

Formuesforvaltning:

Trine Bratsberg Larsen, porteføljeforvaltar

Mobil 915 14 322, e-post: trine.bratsberg.larsen@formue.no

Advokatfirma Lund & co:

Stein Erik Stinessen, primærkontakt

Mobil 991 19 900, e-post: ses@lundogco.no

Hydrologiservice:

Einar Østvold, hydrolog

Telefon 22 52 90 08, mobil 977 72 473, e-post: einar.oestvold@hydrologiservice.no

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
52/16	KIKS - Styret	30.09.2016

Revidering av risikostategi

Dagleg leiar tilrår:

Endringar i risikostategi vedtas og trår i kraft frå 01.10.2016. Fyste rapportering på ny risikostategi vil vere pr 31.10.2016.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

I det daglege arbeidet med risikostategien, kjem det fram behov for presiseringar og endringar. som gjer strategien meir robust og tek omsyn med endringar i marknaden som strategien ikkje på ein fullgod måte tidlegare har

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

KIKS skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettighetane. Ta vare på verdien og føre han attende til deltakarane.

3. Saksopplysningar

Sjå vedlagte risikostategi og notat.

4. Vurdering

Risikostategien skal gje budsjetttryggleik for deltakarane, samstundes som KIKS skal ha moglegheit til å ta vare på verdien og føre han attende til deltakarane. Eit viktig moment med risikostategien er at han må vere enkel å forstå og eintydig, det skal ikkje vere rom for tolkingar.

Fylgjande endringar føreslås:

- KIKS skal kunne gå i levering på avvikshandlar. Avvikshandlar er basert på oppside/nedside på MK online, som analyserer pris på krafta i levering.

- Heile sikringshorisonten (inneverande + 3 år) behandlast som ein, noko som betyr at rammene ein kan avvike med gjeld for heile perioden og ikkje kvart einskild år. Dette gir KIKS handlingsrom og tek vare på marginane.
- Tidlegare har ein definert kor mykje som kan avvikast frå jamn sikring som ein %-sats. No foreslås det å bytte til GWh. Dette gjer det enklare å forstå og reduserer moglegheiter for feiltolkning. Eit av momenta frå tidlegare er at volumet ein kan avvike med endrar seg gjennom året. No vil ein ha dei same rammene heile tida. Rammene i GWh er på same nivå som dei tidlegare i %.

Den nye risikostrategien vurderast som enklare å forstå, og vil gjere det enklare å kontrollere og etterleve. Han gir KIKS handlingsrom på kva for produkt som sikrast, men sørgjer for at KIKS sin totale eksponering mot endring i kraftprisar er på same nivå som tidlegare risikostrategi. Den nye risikostrategien er godt rusta for endringar i marknaden, både når det gjeld prissvingingar og likviditetsutfordringar.

Valle, den 21.09.2016

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Vedlegg

- 1 Ny risikostrategi 20160930
- 2 Ny risikostrategi 20160930 - notat



KONSESJONSKRAFT IKS
– vaktar rettane og tek vare på verdien

RISIKOSTRATEGI



Styret og PFU på veg inn i Kvilldal kraftverk, august 2015

Vedtatt styret XX.XX.XXXX



BAKGRUNN OG MÅLSETTING

Konsesjonskraft IKS (KIKS) er ein sjølvstendig deltakar i kraftmarknaden.

Målsettinga er å forvalte konsesjonskrafta med heimel i selskapsavtalen mellom deltakarane av KIKS, datert 3. september 2014 og denne risikostrategien. Side | 2

KIKS skal drive krafthandel innanfor gjevne rammer for å kunne utbetale tilfredsstillande og pårekneleg avkastning til deltakarane. KIKS må difor ta posisjonar i marknaden, noko som fører med seg risiko. Risikostrategien skal styre og regulere denne risikoen.

Styret i Konsesjonskraft IKS er ansvarleg for Risikostrategien og at den vert evaluert årleg. Styret skal to gonger i året orientere representantskapet om erfaringane med gjeldande risikostrategi, om det evalueringsarbeidet som går føre seg og eventuelle endringar.

ANSVAR OG KOMPETANSE

Dagleg leiar er ansvarleg for å organisere krafthandelen.

Dersom dagleg leiar må vere ansvarleg for den operative krafthandelen, går ansvaret til dagleg leiar som fylgjer under, over til styreleiar.

Ansvarleg for krafthandel i Konsesjonskraft IKS har ansvar for:

- at sikrings- og risikorammer skal haldast.
- det operative ansvaret for handel på børs og for den bilaterale handelen.
- å syte for at involverte parter i praktiseringa av krafthandelsfunksjonen har nødvendige fullmakter

Dagleg leiar i Konsesjonskraft IKS har ansvaret for:

- all rapportering
- at risikostrategien er godt kjent av alle den får verknad for
- at selskapet følgjer strategien
- at det vert sett i verk tiltak dersom rammene ikkje vert haldne
- at kompetent personale løyser oppgåvene, og at kjernekompetanse er spreidde på fleire personar

Controller skal sjå til at krafthandel, oppfølging og rapportering skjer i samsvar med risikostrategien.

DEFINISJONAR

KIKS kjøper konsesjonskraft frå alle kraftverka som anten ligg innanfor det geografiske området deltakarane representerer eller som nyttar regulert vatn som kjem frå fall og magasin frå dette geografiske området.

Side | 3

Konsesjonskrafta vert anten seld fysisk på Nordpool Spot eller fysisk bilateralt. Vidare vert det handla finansielle instrument på Nasdaq OMX og/eller inngått bilaterale finansielle avtalar. Risikostrategien styrer både den fysiske og finansielle handelen.

Viktige definisjonar for krafthandel

Sikring	Finansielt sal av framtidig fysisk kraftleveranse
Sikringsperiode	Perioden ein gjennomfører sikring for.
Sikringsgrad	Kor stor prosentdel av krafta som er sikra innanfor sikringsperioden
Jamn sikring	Ein simulert krafthandel som handlar lik mengde kraft kvar handledag. Sikringsgraden aukar jamt for kvar handledag.
Motpartsrisiko	Risiko for ein kontraktmotpart ikkje kan eller vil innfri fordringane, til dømes fordi han går konkurs. Risikoen er då at KIKS tapar pengar gjennom at ein god kontrakt må bytast ut med ein dårlegare kontrakt
Administrativ risiko	Samlerisiko for system, personar og interaksjonar mellom dei.
Clearing	Børsen (Nasdaq OMX commodities) vert mellomledd og tek bort motpartsrisikoen ved handel
Månadsblokkmodell	Tabell utarbeidd av NVE som bestemmer den månadsvisе fordelinga av konsesjonskraftmengde i kalenderåret.
Rebalansering	Kjøp eller sal av kvartals- og månadsprodukt for å sikre krafta etter månadsblokkmodellen
Områdeprisrisiko	Den fysiske krafta vert levert i NO2 (Sør-Noreg), mens handel på Nasdaq OMX commodities vert på systemprisen. Prisforskjellen blir kalla områdeprisrisiko

ORGANISERING AV KRAFTHANDELEN

Krafthandelen skal optimaliserast innafor fastsette rammer og mynde. Handelen er difor delt i ulike porteføljar. Porteføljar som femnar om sikringsposisjonar skal skiljast frå porteføljar som inneheld risiko.

Alle finansielle kontraktar som KIKS gjer skal gjennomgå clearing på NASDAQ OMX commodities Europe dersom ein ikkje har avtalt anna. Dette vert gjort for å eliminere motpartsrisiko. Dersom clearing ikkje kan gjennomførast, skal motparten vurderast og godkjennast av styret før kontrakten er endeleg.

SIKRINGSSTRATEGIAR

Normalstrategi

Sikringa startar 3 år og 1 kvartal den 1. oktober før det aktuelle året som skal sikrast. Den 1. oktober aukar altså sikringsperioden med 1 år, og blir 4 år og 1 kvartal. Side | 4

Ved jamn sikring vil sikringsgraden vere 95 % den 1. oktober for komande leveringsår. Dagleg leiar kan avvike frå jamn sikring heile sikringsperioden sett under eitt med inntil 150 GWh. Avviket skal rapporterast kvar måned.

Valutasikring skal gjennomførast samtidig med kvar sikringshandel.

Områderisiko skal normalt ikkje sikrast, men status mot budsjetttramma skal rapporterast til styret og porteføljeutvalet kvar måned.

Sikring skjer som handel etter ordre.

Avvikshandel

Dersom den venta prisutviklinga skil seg frå marknadsprisen med minst 4,0 €/MWh, kan dagleg leiar sjå vekk frå normalstrategien. Aktuelt utfallsrom i pris skal vere ein del av vurderingane. Dersom dagleg leiar ser vekk frå normalstrategien, kan sikringa skilje seg frå normal sikring med inntil 450 GWh for heile sikringsperioden. Dagleg leiar har også avgjerdsrett til å normalisere sikringsgraden. Ramma for avvikshandel og avvik frå jamn sikring gjev ei total ramme på inntil 600 GWh.

Dersom noteringa på Nasdaq OMX for vedkomande produkt gjev ei sannsynleg brutto inntekt på 35 øre/kWh eller meir, kan dagleg leiar lukke opne posisjonar heilt eller delvis. Det skal ikkje takast omsyn til områderisiko i denne vurderinga. Dagleg leiar skal grunngje eiga avgjerd.

RAMMER FOR RISIKOPORTEFØLJER

I tillegg til sikringshandlar kan KIKS ta risiko for eiga rekning. Endeleg risikokapital for vedkomande år vert vedteke i kvart budsjett.

Total risiko for KIKS kan delast i fleire porteføljar. Dagleg leiar får fullmakt til å fastsetje om porteføljen skal delast og korleis den eventuelt skal delast.

Open posisjon skal følgje Nasdaq OMX sin utrekningsmetode for marginkrav. Den opne posisjonen for denne risikoporteføljen må aldri vere meir enn 50 % av maksimalt tap (stop loss).



RAPPORTERING OG DOKUMENTASJON

Styret skal kvar måned få rapportar som syner:

- Resultatet av den totale kraftomsetninga
- Status områderisiko og rest avsett budsjetttramme
- Dei eventuelle vedtaka dagleg leiar har gjort i samsvar med delegert mynde heimla i denne risikostrategien og dei økonomiske resultatata desse vedtaka har ført til.
- Mogelege avvik mellom sikringsstrategi og dei sikringshandlane som er gjennomførte.

Side | 5

Rapporten skal også stadfeste at sum transaksjonar til kvar tid ligg innafor fastsette rammer eller heimla i delegert mynde etter denne risikostrategien. Dersom grensene ikkje er haldne, skal dette rapporterast til styreleiar.

Notat ny risikostrategi 30.09.2016

Dette notatet forklarar endringar i høve førre risikostrategi og grunnleggjend valga i strategien.

Arbeidet med å revidere risikostrategien starta vinteren 2016, og har vore ein god prosess. Det kom tidleg fram 3 moment å vurdere.

Kor stort volum kan avvikshandlast?

Noverande risikostrategi gjer at ein kan avvikshandle meir på år 17 enn år 19, og at ein kan avvikshandle mykje større volum den 30.09 enn den 1.10. Ny risikostrategi opnar opp for at ein kan avvikshandle like mykje kvart år, og at volumet ein kan avvikshandle er det same heile året igjennom.

Forslaget no er at det kan avvikshandlast totalt 450 GWh for heile sikringsperioden, dette tilsvarer i snitt dei same rammene som tidlegare strategi.

Når må avvikshandlar lukkast?

I noverande risikostrategi må avvikshandlar lukkast innan 1.10 før budsjettåret. Samkjøringsmodellen til MK baserer seg på prisar i levering, noko som fører til at noverande risikostrategi ikkje let KIKS agere fullt ut på modellane til MK sjølv om dei er styrande for posisjonane som kan takast.

Forslaget no er at KIKS kan sitte på avvikshandlar til levering. Det skal sjåast i samband med budsjetttryggleik, meir om det seinare i notatet.

Kva gjer ein viss konsesjonskrafta blir ulønsam?

Ulønsam kraft virka som ein utopi for nokre år sidan. Vinteren 2016 var ein ei periode veldig nær. Evt oppseiing av kraft og moglegheiter når krafta blir ulønsam, er ein avansert materie. Innspela i denne prosessen er at slike sakar skal handsamast av styret.

Endring i «vanleg sikring»

I den daglege sikringsaktiviteten sikrast krafta jamt over 3 år, frå 1.okt 3år og eit kvartal før året går i levering, til 30.09 eit kvartal før året går i levering. Sikringsgraden er 95%, og tidlegare har ein kunne avvike med inntil +/- 5% frå dette. Som under avvikshandel, fører dette til at ein har større rammer 30.09 enn 1.10.

I den nye risikostrategien leggest det opp til at ein kan avvike totalt 150 GWh. Dette er same avviket som gjennomsnittet i tidlegare strategi, men det vurderast som meir eintydig å nytte GWh som nemning, samstundes som rammene er dei same heile året igjennom.

Eit viktig moment er no at rammene ikkje er pr år, men totalt sett. Grunnleggjend for dette er fleire:

- Det gjer strategien enklare og meir oversiktlig
- Ein tek bort det kunstige skillet som skapast av kalenderår
- Det gir økt høve til å take vare på marginane, då t.d. likviditeten i produkta kan vere dårleg.

- I samband med at ein kan gå i levering med lågare sikringsgrad enn 90%, er det viktig å ha ein metodikk som og tek desse posisjonane inn i den totale eksponeringa.

Kva med budsjetttryggleik?

Målet med den nye risikostrategien er at det skal vere enkelt samstundes som KIKS skal ha høve til å take vare på marginane, og ikkje måtte tvingast til å gjere ulønsame handlar. Men det er og viktig at ein risikostrategi tvingar fram handling og at krafta vert sikra, dette gjev etter måten påreknelege inntekter for deltakarane, noko som verdsetes høgt.

Den nye strategien opnar opp for at ein kan gå i levering med lågare sikringsgrad, noko som kan gje redusert budsjetttryggleik. Men det går og andre vegen, den nye strategien opnar og opp for at ein kan ha høgare sikringsgrad, noko som pr september 2016 vil vere aktuelt for leveringane i 2017. Likviditeten er betre på produkta i 2017 enn 18-19, oppsida er ikkje like høg på 2017 som 18-19.

Det leggst opp til at dagleg leiar rapporterer om open posisjon og kva utslag dette kan gje i neste budsjettår. Dette skal sjåast opp i mot reservekapitalen og dagleg leiar skal vurdere budsjetttryggleiken og vere tydeleg på at dei utsendte prognosane for utbetaling neste budsjettår skal haldast.

Valle 09.09.16

Glenn Qvam Håkonsen

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
53/16	KIKS - Styret	30.09.2016
	KIKS - Representantskapet	09.12.2016

Tertialrekneskap 2. tertial 2016

Dagleg leiar tilrår:

Rekneskapen for 2. tertial 2016 vert godkjend.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Dagleg leiar rapporterer til styret på den samla økonomiske stoda i verksemda kvart tertial.

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

Tertialrekneskapen synleggjer om verksemda når målsettinga om påreknelege og stabile inntekter til deltakarane.

3. Saksopplysningar

Dagleg leiar viser til resultat og balanse pr 1/9 2016, budsjettprognose ut 2016. Det leggst opp til nokre endringar i høve opprinnelig budsjett, kor nettoeffekten er eit redusert resultat på 1.5mill. Dette går ikkje utover prognosen for utbetaling til deltakarane.

4. Vurdering

Sjå notat i vedlegg

Valle, den 22.09.2016

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Vedlegg

1 Tertialrekneskap 2. tertial 2016 - vedlegg

Konsesjonskraft IKS - rapport 2. tertial

Resultatregnskap for perioden 01.01.2016 - 31.8.2016

	Note	Regnskap 2016	Budsjett 2016	Regnskap 2015
Driftsinntekter og driftskostnader				
Konsesjonskraftinntekter		152 070 553	233 654 664	257 666 683
Annen driftsrelatert inntekt		-	-	-
Sum driftsinntekter		152 070 553	233 654 664	257 666 683
Kjøp av konsesjonskraft		66 803 682	106 000 000	100 816 280
Lønn inkl. sosiale utgifter		2 087 479	3 785 000	3 624 185
Avskrivninger		21 673	-	35 866
Eksterne honorarer		1 690 186	3 190 000	3 335 734
Skyss og kostgodtgjørelse		214 964	350 000	385 155
Brukt av styret		78 820	300 000	126 321
Div. merkantile og administrative kostnader		408 645	980 000	481 247
Sum driftskostnader		71 305 450	114 605 000	108 804 788
Driftsresultat		80 765 103	119 049 664	148 861 895
Finansinntekter og -kostnader				
Finansinntekter		3 174 953	3 100 000	3 264 195
Finanskostnader		469 806	700 000	1 648 362
Resultat av finansposter		2 705 147	2 400 000	1 615 833
Resultat før overførte konsesjonskraftinntekter		83 470 251	121 449 664	150 477 728
Overførte konsesjonskraftinntekter		54 686 000	-	128 059 500
Resultat		28 784 251	121 449 664	22 418 228
Overføringer				
Overføringer til driftsfond og reservekapital		-	111 595 298	22 418 230
Sum overføringer		-	111 595 298	22 418 230

Konsesjonskraft IKS

Balanse pr. 31.8.2016

EIENDELER	Note	2016	2015
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Driftsløsøre og inventar		85 801	107 474
Sum varige driftsmidler		85 801	107 474
Sum anleggsmidler		85 801	107 474
OMLØPSMIDLER			
Kortsiktige fordringer		1 296 054	132 950
Finansplassering		78 553 898	76 421 824
Bankinnskudd og kontanter		58 071 071	41 537 266
SUM OMLØPSMIDLER		137 921 023	118 092 040
SUM EIENDELER		138 006 824	118 199 514
RESERVEKAPITAL OG GJELD			
RESERVEKAPITAL			
Driftsfond og reservekapital		99 423 950	99 423 950
Udisponert resultat		28 784 254	1
SUM RESERVEKAPITAL		128 208 203	99 423 950
GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		5 584 464	10 348 337
Skyldige offentlige avgifter		2 188 753	4 328 408
Annen kortsiktig gjeld		2 025 406	4 098 819
SUM KORTSIKTIG GJELD		9 798 624	18 775 564
SUM GJELD		9 798 624	18 775 564
SUM RESERVEKAPITAL OG GJELD		138 006 827	118 199 515

Kommentarar tertialrekneskap

- Konesjonskraftinntektene er litt lågare enn tidlegare budsjettert:
 - Inntekten på sikra posisjoner ligg naturlig nok på budsjett
 - Inntektene på usikra posisjoner ligg på budsjett, då prisane til no i 2016 ligg på nivå med det marknaden venta hausten 2015
 - Områdekostnaden har vore ca 3mill høgare enn budsjett og dreg ned inntekten. Grunnen til dette er høg områdekostnad i januar og i sumar.
 - Brukstida har gjett høgare inntekt enn budsjett, ca 1.5 mill. Utslaget kom spesielt i januar med høge prisar på dagtid på dei kaldaste dagane.
- Kjøp av konesjonskraft ligg over opprinneleg budsjett med ca 1,5mill. OED pris kom inn høgare enn opprinneleg budsjettert. Dette grunna ei justering av feil gjort frå OED i 2015 som ikkje KIKS har fått nokon forklaring på.
- Lønnskost ligg litt lågare enn budsjett, og er venta å kome inn enda lågare i 3 tertial. KIKS har no 3 tilsette, mot budsjettert 4.
- Eksterne honorar ligg under budsjett, men grunna stevninga mot SKK er det venta mykje resten av året. Det vil og bli satt opp fordelingsnøkkel med deltakarar i stevninga som ikkje er med i KIKS. Adm har og satt i gang anbod banktenester og forvaltarfullmektig, så det kjem ytterlegare kostnadar i 3 tertial.
- Det er og eit underforbruk av div. administrative kostnadar i høve budsjett.
- Netto finans ligg godt an. Avkastninga på reservekapitalen har i juli og august vore god, og ligg på 2,4% til no i år. Agio/disagio på valuta ligg og litt betre enn budsjett, samt at garantikostnadane er veldig låge. Grunnen til låge garantikostnadar er at verdien på sikra kraftposisjonar er høg, då kraftmarknaden har falt dei siste åra. Då er det mindre behov for garantiar. Adm i KIKS håpar behovet for garantiar snart melder seg.
- Endringar i resultat går mot avsetning reservekapital.

Justeringer av budsjett 2016

I budsjetta til KIKS er det ein del poster som er hefta med stor usikkerhet og er vanskeleg å kontrollere og sikre seg mot. Pr 31.08 justerast fylgjande poster frå opprinneleg budsjett:

- Konesjonskraftinntekter nedjusteres med 1.5mill. Områdekost estimerast no til å bli 14 mill, mot tidlegare 11 (8,3 mill i 2015), mens inntekt brukstid no reknast å bli 4,5mill mot tidlegare 3mill (4,5mill i 2015).
- Kjøpskostnad oppjusterast med ca 1,6mill i høve opprinneleg budsjett (frå 104,4mill til 106mill). Grunnen er litt høgare OED pris, Sira Kvina pris og tapsledd enn opprinneleg budsjettert. Adm gjer no eit grundig arbeid med OED pris, og meiner å ha funne at OED har gjort justeringar frå 2015 som ikkje er forståelege.
- Det gjerast ikkje justeringar på netto finans sjølv om tala ser gode ut. Det har vore volatile finansmarknader i 2016, og avkastninga på reservekapitalen er uviss ut året.

Valle 09.09.2016

Glenn Qvam Håkonsen